

Snu Åmli
Kåre Usterud
4865 Åmli

Dølemo 10.06.2009

Søknad om prosjektmidler

Dølemo Vekst BA er eit selskap for bygdeutvikling på Dølemo j.f. vedlagte formålsparagrafar og vart stifta i 2000. Selskapet er eigd av Dølemo IL, Dølemo Grendelag, Dølemo Skyttarlag og privatpersonar (aksjonærar).

Det fyrste og viktigaste prosjektet for selskapet var bygging av nytt næringsbygg med det føremålet å sikre vidare drift av daglegvarebutikk på Dølemo, i moderne og egna lokalar. Dette var eit stort løft for ei lita bygd, men det einaste ein kunne gjere dersom ein ville behalde butikken. Butikkdelen har opp gjennom åra hatt diverse drivarar som med varierende resultat har prøvd å halde drifta i gang. I 2006 var drifta av daglegvaredelen så nedkøyrd at det gjennom ekstraordinære årsmøte i eigarlaga vart bestemt at Dølemo Vekst BA sjølv skulle ta over drifta av Dølemo Nærmat. Sakte men sikkert har resultatata for Dølemo Nærmat gått frå store minus på drifta, til å nærme seg balanse. Mange pengar har blitt overført frå Dølemo Vekst BA til Dølemo Nærmat i arbeidet med å byggje opp at tilliten til kundane.

Eigenkapitalen i Dølemo Vekst BA er p.t. ikkje så god, men med ei betra drift i Dølemo Nærmat AS vil behovet for overføring av midlar til butikken innan kort tid vere redusert til eit minimum. Dølemo Vekst BA ser at tida nå er moden til å fokusere på alt det andre vi og eigenlig skal drive med. Stikkorda er nærmiljøtiltak, næringsutvikling og busetting.

Dølemo Vekst BA ynskjer å sette ned fleire arbeidsgrupper der desse spesifikke tiltaka vil vere aktuelle:

- Området rundt butikken
- Bensinanlegg
- Campingplass
- Marknadsføring av Dølemo
- Utnytting av 2. etasje i butikkbygget og kafédelen
- Leikeanlegg ved butikk
- Rydding av Grobekken
- Tilrettelegging og merking av turvegar/gamle kulturminne
- Badeanlegg
- Andre idear

Det vil og vere eit viktig arbeid å kunne kartfeste og lage dokumentasjonar rundt t.d. turvegar/gamle kulturminne.

Alle desse tiltaka vil i varierende grad koste pengar, og vi tillet oss derfor å søke Snu Åmli om betydelige midlar for planlegging og gjennomføring av desse tiltaka. Samla sum det søkast om kan virke høg, men er likevel bare omlag 1/3 av det som etter planen er tenkt brukt på tiltak 1 i tiltaksoversikta.

| Tiltak | Kva | Forklaring | Sum kr. |
|-----------------------------------|----------------------------------|--|----------------|
| 1 Området rundt butikken | Teikningar/planverk | Kjøp av arkitekttenester på landskap/uteområde. | 30.000 |
| | Reisekostnader | Ekskursjon (Kva har andre gjort?/inspirasjon!) | 5.000 |
| | Diverse mat/servering | | 3.000 |
| | Strakstiltak | Midlar til igangsetting av tiltak jf. plan. | 30.000 |
| 2 Bensinanlegg | Teikningar/planverk | Kjøp av tenester knytt til teikningar av anlegg og plassering av dette. Må sjåast i samanheng med planverk "Området rundt butikken" Organisasjonsform/selskapsstifting Synfaring av andre anlegg | 10.000 |
| | Reisekostnader | | 5000 |
| | Diverse mat/servering | | 1500 |
| 3 Campingplass | Teikningar/planverk | Kjøp av arkitekttenester på landskap/uteområde. (skisser) | 30.000 |
| | Reisekostnader | Kva "slag" camping kan passe på Dølemo? Synfaring. | 5000 |
| | Diverse mat/servering | | 1500 |
| 4 Marknadsføring av Dølemo | Annonseringar | Innkjøp i Dølemo-marknadens messeavis for å profilere Dølemo som ein god stad å bu med optimisme og framgang. Inkludert kjøp av journalisttenester | 25.000 |
| 5 Butikkbygget | Teikningar/planverk | Kjøp av arkitekttenester på romprogram. | 15.000 |
| 6 Turvegar/kulturminne | Kjøp av karttenester/publisering | Kostnader knytt til å teikne inn stiar og kulturminne på kart. Informasjonsbrosjyrer og publisering på nett. | 40.000 |
| 7 Badeanlegg | Teikningar/planverk | Kostnader knytt til undersøkingar rundt bruk av Rullet som badeplass. (Utfordringar som elva gir. Høgspont. Gamal fylling. Området på land) | 50.000 |
| | Reisekostnader | Ekskursjon (Kva har andre gjort?/inspirasjon!) | 5.000 |
| | Diverse mat/servering | | 3.000 |
| Sum | | | 259.000 |

Tiltak 1, 2, 4 og 7 er dei tre viktigaste tiltaka i denne søknaden. Styret i Dølemo Vekst BA håper Snu Åmli vil sjå positivt på denne søknaden. Vi er klar over at desse prosjekta grip vidt kring seg, men trur dette kan vere rette tida å begynne på.

For Dølemo-vekst BA
Olav E. Føreland
Eppeland
4869 Dølemo